



Global Storybooks

globalstorybooks.net

Eselbarnet

✎ Lindive Matshikiza

🔗 Meghan Judge

📖 Espen Stranger-Johannessen, Martine

Rørstad Sand



This work is licensed under a Creative Commons

[Attribution 4.0 International License.](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0)

<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0>



Eselbarnet



✎ Lindive Matshikiza

🔗 Meghan Judge

📖 Espen Stranger-Johannessen, Martine

Rørstad Sand

|| 3

🌐 nynorsk





Det var ei lita jente som først såg
den mystiske skikkelsen i det fjerne.

Etter kvart som skikkelisen kom
nærare, såg ho at det var ei
høggravid kvinne.





Sjenert, men modig, gjekk den vesle jenta nærare kvinna. «Vi må halda på henne her hos oss», bestemte dei som var med den vesle jenta. «Vi skal verna henne og barnet hennar.»



Eselbarnet og mor hans har utvikla seg i fellesskap og funne mange måtar å leva side ved side. Sakte, men sikkert har andre familiar byrja å slå seg ned rundt dei.

Barnet var snart på veg. «Trykki»
«Hent pleddi!» «Vatni!» «Tryyykkki!»



Esél fann mor sí, som var áleine og
sørgde over tapet av barnet sitt. Dei
stira på kvarandre lengje. Og så
klemde dei kvarandre veldig hardt.





Men då dei fekk sjå babyen, veik alle tilbake i sjokk. «Eit esel?»



Esel visste endeleg kva han skulle gjera.



... hadde skyene forsvunne, nett som venaen hans, den gamle mannen.



Alle saman byrja å kranvla. «Vi sa vi skulle verne mor og barn, og det skal vi gjera», sa nokon. «Men dei kjem til å bringa ulukke!» sa andre.



Og slik var det at kvinna vart åleine igjen. Ho lurte på kva ho skulle gjera med dette rare barnet. Ho lurte på kva ho skulle gjera med seg sjølv.



Høgt oppe blant skyene sovna dei. Esel drøymde at mor hans var sjuk og ropte på han. Og då han vakna ...

Men til slutt godtok ho at han var
barnet hennar, og at ho var mor
hans.



Ein morgon bad den gamle mannen
Esel om å bera han opp til toppen av
eit fjell.





Viss berre barnet hadde halde på den vesle storleiken, hadde alt kanskje vore annleis. Men eselbarnet voks og voks, heilt til han ikkje lenger fekk plass på ryggen til mora. Og uansett kor hardt han freista, klarte han ikkje å oppføra seg som eit menneske. Mor hans var ofte sliten og frustrert. Nokre gongar sette ho han til å gjera arbeid som var meint for dyr.



Esel drog for å bu med den gamle mannen, som lærte han mange ulike måtar å overleva på. Esel lytta og lærte, og det gjorde den gamle mannen òg. Dei hjelpte kvarandre, og dei lo saman.



Esel vakna opp til ein merkeleg
gammal mann som stira ned på
han. Han såg inn i auga til den
gamle mannen og byrja å kjenna ein
snev av håp.



Esel vart fylt av forvirring og sinne.
Han kunne ikkje gjera ditt, og han
kunne ikkje gjera dat. Han kunne
ikkje vera på ein måte, og han
kunne ikkje vera på ein annan måte.
Han vart så sint at han ein dag
sparka ned huset til mor si.



Esel skamma seg. Han byrja å springa vekk så fort han kunne.



Når han hadde slutta å springa, var det vorte kveld, og Esel hadde gått seg vill. «Hi ha», kviskra han inn i mørket. «Hi ha?» lydde ekkoet. Han var åleine. Han krøkte seg saman til ein liten ball og fall i ein djup og forstyrra søvn.